



Møteinnkalling

Utval:	Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad:	Finnabotnen
Dato:	12.09. til 13.09.2022
Tidspunkt:	14:00 12.september til 16.00 13.september

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøtet og dialogmøte med rådgjevande utval vert gjennomført i Finnabotnen 12. og 13. september. Transport til Finnabotnen er med båt frå kaien i Vik kl. 14.00 mandag 12. september. Frammøte på kaien i Vik kl. 13.45.

I Finnabotnen vert styremøtet gjennomført på mandag. Resten av mandagen og tirsdagen er det dialogmøte og synfaring i kulturlandskapet i Finnabotnen. Nils Kvamme, innleigd skjøtselsarbeidar, orienterer og guidar rundt i kulturlandskapet i Finnabotnen.

Tirsdag 13. september er det retur med båt frå Finnabotnen ca. kl. 15.00. Tilbake i Vik ca. kl. 16.00

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 27/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 29/22	Orienteringar og referatsaker		
RS 6/22	Dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 12. og 13. september 2022		2019/18547
RS 7/22	Svar - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Eksingedalsvassdraget - melding om å senka vass-standen under innløpsterskel		2022/9567
RS 8/22	Stølsheimen verneområde - Kunngjering - fastsett planprogram - klimaplanen - innspel til planrevisjon		2022/9233
RS 9/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel til Vassøyane		2020/3571
RS 10/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - motorbåt for inspeksjon av tappeluke		2020/3571
RS 11/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel med båt - oppfiskingsprosjekt		2022/8949
RS 12/22	Stølsheimen landskapsvernområde - landingsløyve - Vøvringen 75/3 - Vik		2022/7845
RS 13/22	Delegert vedtak - dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - motorisert ferdsel - restaureringsarbeid - kulturlandskapet		2020/2589

ST 27/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 28/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 29/22 Orienteringar og referatsaker



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Stølsheimen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2019/18547-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 24.08.2022

Dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 12. og 13. september 2022

Rådgjevande utval (RU) for Stølsheimen vert med dette kalla inn til dialogmøte med Stølsheimen verneområdestyre. Møtet er lagt til Finnabotnen i Vik 12. og 13. september. Måndag 12. september er det frammøte på kaien i Vik kl. 13.45. Båten går frå Vik kl. 14.00. Vi er i Finnabotnen 14.45. Vi har leigd gjestehuset i Finnabotnen til møtet desse to dagane og overnatting. Det er 16 rom i huset, så alle må rekna med å dele rom. I gjestehuset ordnar vi maten sjølve. Heimreise er planlagt ca. kl. 15.00 med ribbåt frå Finnabotnen til Vik.

Alle må ta med brød og pålegg til seg sjølve for to dagar. Vi handlar inn til felles middag. Alle må ta med sengetøy/lakenpose og handduk. De må ha kle og sko til å gå i utmarka, og vera kledd etter veret.

Program for samlinga

Måndag 12. september:

- Brødmatt før oppstart på møte
- Gjennomgang av saker handsama av Stølsheimen verneområdestyre i 2021/2022
- Gjennomgang av gjennomførte og planlagde tiltak i 2022
- Aktuelle saker, og innmeldt saker til RU. Frist for innmelding av saker er 29. august. Det er kome inn eit spørsmål solcellepanel på bygningar i fjellet.
- Møte i RU – val av leiar for RU for to år.
- Møte i Stølsheimen verneområdestyre
- Middag og sosialt samvær

Sakliste for Stølsheimen verneområdestyre vert sendt ut til verneområdestyret 5. september, og vert lagt ut på heimesida til [Stølsheimen verneområdestyre](#)

Tysdag 13. september:

- Frukost og niste
- Synfaring i Finnabotnen, til Botnastølen, og på stien til Fagerdalen. Drøfting av tiltak og oppfølging av skjøtelsesplan for Finnabotnen.

Ber om svar frå alle inviterte innan 2. september om de deltek på dialogmøtet eller ikkje. Det er viktig at alle gjev tilbakemelding innan denne datoen, slik at vi får tinga overnatting og båtskyss for samlinga.



Gje melding om ev matallergiar. Svar sender de til underteikna på e-post eller telefon.
Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til samlinga.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adressatar (pr. e-post):

Organisasjon

BKK
Høgskulen i Vestland
Grunneigarlag Høyanger
Grunneigarlag Voss
Grunneigarlag Vik
Grunneigarane på Steinsland, Modalen
Grunneigarlaga Vaksdal
Fjellheimen villreinutval
Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd
Statsforvaltaren i Vestland
Bergen og Hordaland Turlag/Voss
Utferdslag
Naturvernforbundet i Sogn og
Fjordane/Hordaland
Statens Naturoppsyn
Stølsheimen verneområdestyre

Namn

Sissel Hauge Mykletun
Lisbeth Dahle
Joar Oppedal
Lars Kn. Mørkve
Ola Engum
Anders Steinsland
Arne Nesheim
Hildegunn Mugås
Olav J. Bøthun
Øistein Aasland/Tom
Dybwad
Johnny Bjørge
Kåre Flatlandsmo
Kristoffer Ullern Hansen

Kopi til:

Administrativt kontaktutval for Stølsheimen
Villreinnemdna for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Stølsheimen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/9567-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 06.07.2022

Svar - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Eksingedalsvassdraget - melding om å senka vass-standen under innløpsterskel

Stølsheimen verneområdestyre har via Statsforvaltaren i Vestland fått av meldinga om planlagt arbeid på dammen i Vassøyane. Vassøyane er innanfor Stølsheimen landskapsvernområde.

I landskapsvernområdet er «*Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så somdrenering, og anna form for tørrlegging...*», jf. verneforskrifta punkt IV. Vedlikehaldsarbeid som er omtalt i verneforskrifta er direkte vedlikehald på bygningar, anlegg og innretningar. I fylgje Miljødirektoratet vil vedlikehald som krev tiltak utanfor bygningen, som t.d. drenering, utgraving, utbetring av avlaupsrøyr eller kablar inn til bygningen falle utanfor. Dette gjeld sjølv om slike tiltak kan vera høgst naudsynte for å vedlikehalda anlegget.

Senking av vasstanden i vatnet til inntil 2 meter kan ikkje reknast som vanleg vedlikehald, og er difor eit søknadspliktig tiltak. Tilsvarande tiltak i Vassøyane har tidlegare vore handsama etter verneforskrifta av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (no Statsforvaltaren) på særskilt grunnlag.

Senking av vatnet for å gjennomføra opprydding i vassvegen må ha dispensasjon frå verneforskrifta før tiltaket kan setjast i gang. Dette gjeld både senking av vatnet og eventuell motorisert transport i samband med tiltaket. Søknad om dispensasjon skal sendast til Stølsheimen verneområdestyre.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland
NVE v/Jakob Fjellanger

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Stølsheimen verneområdestyre

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
22/320 -11		Karen Weichert	414 42 726	28.06.2022

Kunngjering av fastsett planprogram for klimaplanen og innspel til planrevisjon

Det blir varsla med fylgjande annonsetekst i Sogn avis:

I samsvar med vedteken planstrategi for Vik kommune 2020-2023 er det sett i gang arbeid med revisjon av kommunedelplan for energi og klima. Revidert plan skal erstatte gjeldande kommunedelplan av 2011. Det er krav om planprogram som skal setje fast rammer og retningslinjer for planrevisjonen. I kommunestyret 23.06.2022 sak 038/22 blei planprogrammet vedteke samrøysta. Det er no i lag med sakspapiret lagt ut på kommunehuset i Vik og på kommunen sine nettsider.

I sommar startar arbeidet med å utarbeide eit konkret forslag til revidert klimaplan. Framdriftsplanen legg opp til eit ferdig høyringsutkast før jul. Det er høve til å sende innspel til revisjonen fram til 1.9.2022. Merknader skal sendast skriftleg til Vik kommune, Pb.134, 6891 Vik i Sogn eller som e-post til: postmottak@vik.kommune.no (merk innspel med saksnr. 22/320).

I samband med at Vik kommune varsla oppstart av planarbeid og la planprogrammet for klimaplanen ut på høyring kom det inn 8 merknader. Ein merknad retta seg mot sjølv planrevisjonen, og denne merknaden blir vurdert no i samband med revisjonen av sjølv klimaplanen. Det difor ikkje naudsynt å sende denne merknaden på ny.

Ta kontakt om du/de har spørsmål eller treng utfyllande opplysningar.

Med helsing

Mats Helgås Sæterlid
Avdelingsleiar plan- og forvaltning

Karen Weichert
Rådgevar plan og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Vedlegg

Dok.dato
28.06.2022

Tittel
Vedteken planprogram for
klimaplan

Dok.ID
248243

28.06.2022

Sakspapir - Planprogram for
klimaplan Vik kommune
2023-2030

246355





Eviny Fornybar AS

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2020/3571-12 432.2

Dykkar ref.

Dato 21.06.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	7/2022
----------------	--------

Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel til Vassøyane

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eviny Fornybar AS løyve til inntil 12 landingar med helikopter i Vassøyane for reparasjon av tappeluke i Vassøyane i veke 26, 27 og 28 i 2022.

I tillegg vert det gitt løyve til 2 landingar med helikopter i Vassøyane i perioden 1. august til 30. september 2022 for transport inn og ut av området av robåt og miniubåt i samband med vass-sideinspeksjon av tappeluke.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transport med helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og helgedagar.
- Så langt det er mogleg, skal transporten gjennomførast i ein samla periode.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, spesielt då med tanke på villrein. Det kan verta aktuelt å legge om transportruta av omsyn til villrein.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transport.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 01.10.22.

Dokumenter i saken

- Søknad om utvida eingongsløyve til motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane, *Eviny Fornybar AS*, datert 17.06.2022




Søknaden

Eviny Fornybar fekk løyve frå Stølsheimen verneområdestyre til motorisert ferdsel for tilsyn av vassvegane i Askjelldalen – Holskardvatnet – Vassøyane i mars 2022 (2022/3571 – 24.01.2022). Denne inspesjonen er gjennomført. I samband med tilsynet i mars var det naudsynt å senka vasstanden i magasinet Vassøyane for å kunne gå tunnelsynfaringa. Under arbeidet med tappeluka mista dei trykket i det hydrauliske systemet. Dei må turleg skifte pakningar på opptrekkssylindrar for at luka skal kunne opererast normalt. I tillegg vart det avdekka store kveilar av røyr og leidningsrestar inne i tunnelen. Desse må fjernast for å hindre blokkering av tunnelen. Dette arbeidet er planlagt i juni i år, i veke 26, 27 og 28. For å gjennomføra reparasjonen er det bruk for å transportera reservedelar og materiell til Vassøyane med helikopter. Dei 3 personane som skal utføra arbeidet, vil truleg bruka Eviny sin hytte i Indre Askjellsdalen til overnatting og gå til fots til Vassøyane.

Eviny Fornybar plana i mars å gjennomføra ei vass-sideinspeksjon av tappeluka i Vassøyane ved hjelp av miniubåt gjennom hol i isen. Dette fekk dei ikkje utført på grunn av snø- og isforhold i Vassøyande. Dei planlegg å gjennomføra denne inspeksjonen på seinsommaren ved hjelp av miniubåt frå robåt. Dei søker om å løyve til 2 landingar med helikopter i vassøyane for denne transporten.

Vassvegane skal ha revurdering kvart 15. år jf. Damsikkerheitsforskrifta. Eviny AS opplyser at tiltaket kjem inn under vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg.

Eviny Fornybaar opplyser i søknaden at dei ved alle oppdrag vil minimera tal turar med motorisert ferdsel for å skåna sårbart høgfjellsmiljø, og for å redusera kostnader.



Transportrute for helikopter. Kartkopi frå fylkesatlas



Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

Verneforskrift og verneformål

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til *«naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre»* jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld motorferdsle i samband med naudsynt revurdering av vassvegar og tappeluker mellom Vassøyane, Holskardsvatnet og Askjelldalsvatnet, og reparasjon av tappeluke. Arbeidet som skal gjennomførast er krav jf. Damsikkerheitsforskrifta. Tiltaka er vedlikehaldsarbeid som ikkje vil føra til vesentlege endringar på landskapet, og er difor ikkje søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta. Transporten vert vurdert til å koma inn under særlege grunnar som det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6. Transportføremålet er nemnt i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde. Saka er difor vurdert til å kunne behandlast som delegert vedtak.

Verneområdestyret har gode erfaringar med Eviny sine rutinar for bruk av motorisert ferdsle, og det har vore gode rutinar på rapportering. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og tidlegare erfaringar med helikoptertransport i verneområdet. Området er del av Fjellheimen villreinområde. Villreinen brukar dette området sporadisk, og det må påreknast å kunne møte rein i desse områda. Det er difor viktig å vera særleg oppmerksam dersom villrein vert observert, og om mogleg legge om flygeruta for å unngå å uroa dyra.

I fylgje Naturbase (21.01.2022) er det ikkje registert sårbare naturtypar eller andre sårbare artar utanom villrein i området nær utløpet Vassøyane. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for og vurderer saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt liten vekt i denne saka.

Stølsheimen vert nytta som friluftsområde både sommar og vinteren. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk blir minst mogleg. I tillegg til løyve til helikopterttransporten til Eviny Fornybar, er det gitt løyve til



helikoptertransport til Bergen og Hordaland turlag, og til beitelag for usetting av elektronisk bjøllesystem. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa ferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet i område. Dersom det er mogleg og samordna køyringa med anna planlagt tilsyn, bør dette gjerast.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Helikoptertransport vert gjennomført utanom den mest sårbare kalvetida for villrein, og den er planlagt gjennomført i ein avgrensa periode. Helikoptertransport vil berre gje uro under sjølve flyginga, og vil i liten grad gje skade på naturmiljøet så lenge den vert avgrensa til det som er strengt naudsynt. Transportruta er frå Indre Askjelldalen til Vassøyane, og vil berre vera litt over 1 km inn i verneområdet. Transporten vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føre går. Forvaltar vurderer transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Vik kommune

SNO

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og

Raudafjell

Vaksdal kommune

Postboks 134

6891 VIK I SOGN

Konsul Jebsensgata
16

5722 DALEKVAM



Eviny Fornybar AS

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2020/35711-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 01.07.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	9/2022
----------------	--------

Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - motorbåt for inspeksjon av tappeluke

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eviny Fornybar AS løyve til å nytta motorbåt i Vassøyane i Stølsheimen landskapsvernområde for bruk av miniubåt for vass-sideinspeksjon av tappeluka i Vassøyane.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld inntil 3 turar i peridoen frå 1. august til 30. september 2022.
- Det kan nyttast ein motorbåt på ca. 17 fot på vatnet. Motorbåten skal berre nyttast i nærområdet til dammen i den sør-vestlege delen av vatnet.
- Ved bruk av motorbåt skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorbåt bør ikkje nyttast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Bruk av motorbåten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for gjennomføring av vass-sideinspeksjonen.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal ha melding seinast dagen før tiltaket vert sett i gang.
- Det skal sendast skriftleg rapport om bruk av motorbåten til sekretariatet for Stølsheimen verneområdestyre 01.10.22.

Dokumenter i saken

- Søknad om utvida (engangs) løyve til motorferdsel med båt i Stølsheimen landskapsvernområde – Vassøyane, *Eviny Fornybar AS*, 29.06.2022

- Dispensasjon – delegert vedtak – Stølsheimen landskapsvernområde – motorferdsel til Vassøyane, sak 7/2022 – 21.06.2022

Søknaden

Stølsheimen verneområdestyre gav Eviny Fornybar AS dispensasjon til landing med helikopter i Vassøyane i samband med reparasjon av tappeluken. Transporten gjeld frakt av materiell og utstyr til arbeidet, og transport av robåt til bruk av miniubåt for å gjennomføre vass-sideinspeksjon av tappeluken i Vassøyane. Etter Eviny Fornybar AS mottok dispensasjonen, vurderer dei at det er bruk for motorbåt for å gjennomføre inspeksjonen. Dei vil truleg bruka ein 17 fot Aseladden med påhengsmotor. Storleiken på båten vert valt ut frå mengda utstyr og personell som trengs for å bruka miniubåten. Dei må bruka ein båt som kan manøvrera med tung last.

Motorbåten skal brukast i eit lite område oppstaums dammen i Vassøyane. I tilfelle det er vanskelege verforhold, søker dei om 3 turar med motorbåt på vatnet.



Bilde 1: Skravert område viser innenfor hvilket område omsøkt motorferdsel med båt er planlagt.

Figur 1 Kopi frå søknad

Det vert søkt om bruk av motorbåt i peridoen 1. august til 30. september 2022.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017



Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske». Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til *«naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre»* jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stølsheimen verneområdestyre har gitt løyve motorferdsel i samband med reparasjon av tappeluken i Vassøyane, og transport av robåt. Denne søknaden gjeld endra bruk frå robåt til motorbåt for å gjennomføra vass-sideinspeksjon av tappeluka. Motorbåten skal brukast i eit avgrensa område ved dammen i Vassøyane. Verneforskrifta opnar for transport når særlege grunnar ligg føre. Motorbåt til bruk i samband med reparasjonsarbeidet vert vurdert som særleg grunn. Saka vert handsama som delegert vedtak, då søknaden gjeld ein mindre endring av planlagt tiltak.

Kunnskapen om området vart vurdert i fyrste søknaden. Bruk av motorbåten gjeld same område. Vurderingane etter nml. §§ 8 og 9 i førre sak vert difor lagt til grunn som vurdering i denne saka.

Stølsheimen er eit mykje nytta friluftsområde. Slutten av juli og august og september er den tida det er flest folk som går på tur i området. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Bruk av motorbåten vil verta avgrensa til eit lite område av vatnet nær dammen, og vil vera avgrensa i tid. Det er ikkje gitt løyve til anna bruk av motorbåt i dette området. Støy frå motorbåten vil difor i liten grad uroa dyreliv og friluftslivet, og forvaltar vurderer den samla belastninga på området og økosystemet som liten jf. nml § 10.

Bruk av motorbåt i staden for robåt i denne saka, er vurdert som naudsynt, og vil i liten grad føra til skade på naturmiljøet. Forvaltninga vil likevel understrek at bruk av motorbåt skal avgrensast til minst mogleg område av vatnet, og til kortast mogleg periode. Tiltakhavar har skissert ein god plan for gjennomføring som minimerer bruk av motorbåt. Planlagt gjennomføring av tiltaket er vurdert som ein miljøforsvarleg metode for dette tiltake jf. nml. 12. nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til bruk av motorbåt i Vassøyane i samband med inspeksjon av tappeluka.



Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell

SNO

Statsforvaltaren i Vestland

Vik kommune

Vaksdal kommune

Njøsavegen 2

Postboks 134

Konsul Jebsensgata

16

6863

6891

5722

LEIKANGER

VIK I SOGN

DALEKVAM



Myrkdalen grunneigarlag

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/8949-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 01.07.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	8/2022
----------------	--------

Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel med båt - oppfiskingsprosjekt

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Myrkdalen grunneigarlag løyve til å nytta motorbåt på Lars-Olavatnet, Kringlavatnet og Holmavatnet i Sendedalen i Stølsheimen landskapsvernområde i samband med oppfisking i vatna.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i peridoen frå 1. juli til og med 30. september i åra 2022, 2023 og 2024.
- Det kan nyttast ein motorbåt med inntil 4 hestekrefter (Hk) på vatna. Det skal berre nyttast ein båt som vert flytta mellom vatna.
- Ved bruk av motorbåt skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Dersom det vert registrert ender på vatnet må det takast særskilt omsyn for å hindra at endene set seg fast i fiskegarna.
- Motorbåt bør ikkje nyttast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Bruk av motorbåten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for oppfisking.
- Myrkdalen grunneigarlag skal notera eventuelle fugleartar som vert observert i og ved vatna under oppfisking.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal ha melding seinast dagen før oppfiskinga startar det enkelte året.
- Det skal sendast skriftleg rapport om bruk av motorbåt og registrerte fuglar til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.12. kvart år i løyveperioden.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Voss herad for søknad om løyve etter anna lovverk.



Dokumenter i saken

- Søknad om bruk av motorbåt i Lars-Olavatnet, Kringlevatnet og Holmavatnet, *Myrkdalen grunneigarlag*, 19.06.2022
- Disposisjon – Stølsheimen landskapsvernområde – Sendedalen – motorferdsel – motorbåt, saksprotokoll 26/20 - Stølsheimen verneområdestyre 02.07.2020.


Søknaden

Myrkdalen grunneigarlag har hatt oppfiskingsprosjekt i Sendedalen i Lars-Olavatnet, Kringlevatnet og Holmavatnet dei tre siste åra (2019 – 2021). Dei fekk løyve frå Stølsheimen verneområdestyre til å bruka motorbåt til fisket. Dei har priritert oppfisking i Lars-Olavatnet desse åra, og har berre nytta motorbåten i Lars-Olavatnet. Oppfiskinga har vore gjennomført av Innlandsfiske v/Ingebrigt Tveite. I tillegg har villmarkslinja på Voss vidaregåande skule vore med på oppfiskinga.

På førespurand frå Stølsheimen verneområdestyre vart det sett etter ender når oppfiskinga vart utført. Det er ikkje registret ender i vatna medan fisket har på gått desse tre åra.

Myrkdalen grunneigarlag ynskjer å vidareføra oppfiskingsprosjektet i tre nye år. I denne perioden skal villmarkslinje ved Voss vidaregåande skule delta meir i prosjektet. Innlandsfiske v/Ingebrigt Tveite skal framleis ha den faglege oppfylginga av oppfiskinga.

Med dei erfaringane dei har med oppfisking i Lars-Olavatnet, meiner dei det er trong for å bruka motorbåt for å gjennomføra oppfisking. Grunneigarlaget søker om bruk av motorbåt i 2022, 2023 og 2024 i Lars-Olavatnet, Kringlevatnet og Holmavatnet. Dei skal bruka ein båtmotor med 4 Hk. Det vert berre nytta ein båt som vert flytta mellom vatna. Fiskeperioden kvart år er frå juli til september, avhengig av snøforholda det enkelte året.



Figur 1 Kopi av kart i søknaden.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:
«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av



tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske». Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld bruk av motorbåt i samband med oppfiskings-prosjekt. Verneforskrifta opnar for transport når særlege grunnar ligg føre. I forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde er prøvafiske og kultiveringstiltak i fiskevatn tiltak som er nemnt under særlege grunnar for løyve til motorferdsel. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn tiltaket med bruk av motorbåt i Lars-Olavatnet, Kringlavatnet og Holmavatnet som tiltak i tråd med det forvaltninga kan gje løyve til. Stølsheimen verneområdestyre gav løyve til bruk av motorbåt til same oppfiskings-prosjektet i 2019-2021. På bakgrunn av føringar i forvaltningsplan og tidlegare handsaming av tilsvarande sak, vert denne søknaden handsama som delegert vedak.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan, rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), Sårbarheitsvurdering i utvalde lokalitetar i Stølsheimen (NINA Rapport 1559) og tidlegare erfaringar med fiske i desse vatna. Forvaltninga skal vurdere om det er nok kunnskap om naturmangfaldet for å vurdere saka, jf. nml. § 8. Det er ikkje registret trua naturtypar i nærleiken av vatna. Av fugleartar er det registrert heilo nær Lars-Olavatnet. Dette området er ein del av Fjellheimen villreinområde (Naturbase 30.06.2022). Bruk av motorbåt og aktivitet på vatna i perioden frå juli til oktober vil i liten grad påverka villreinen i området.

I 2018 vart det gjennomført sårbarheitsvurdering langs stien innover i Sendedalen. I rapporten vert den manglande kunnskapen om fuglelivet i området påpeika, og at det bør gjennomførast feltregistreringar i hekketida. Statens naturoppsyn (SNO) ved Kristoffer Ullern Hansen har gjennomført registrering, men det er ikkje registrert fleire fugleartara enn det som var kjent frå tidlegare. Dersom det vert registrert ender eller andre fulgeartar under oppfisking, er grunneigarlaget bedt om å rapportera til serkretariatet om det. Det vil vera til god hjelp for å auka kunnskapen om naturverdiane i området. Forvaltar vurderer tilgjengeleg kunnskapsgrunnlaget som bra for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet nml. § 9 vert tillagt liten vekt.

Stølsheimen er eit mykje nytta friluftsområde. Slutten av juli og august og september er den tida det er flest folk som går på tur i området. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Oppfiskinga av aure i vatna vil ha positiv effekt for fiskekvaliteten i vatna. Støy frå motorbåt vil gje uro for friluftslivet i ein avgrensa periode. Oppfisking i eit overbefolka fiskevatn er positivt for fritidsfiske, og vil gje kunne gje auka oppleving for turgåarar og fiskarar. På denne bakgrunn vurderer forvaltar den samla belastninga på området og økosystemet som liten jf. nml § 10.



Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Bruk av motorbåt til oppfisking vil i liten grad føra til skade på naturmiljøet, og det er vurdert som naudsynt for å få effektiv oppfisking i vatna. Forvaltninga vil likevel understreka at motorbåt berre skal nyttast når det er naudsynt for gjennomføringa av oppfiskings-prosjektet. Både Lars-Olavatnet og Kringlavatnet er små vatn der robåt i mange tilfelle kan vera meir tenleg enn motorbåt. Prosjektleder Tveite har lang erfaring med oppfisking av aure i innsjøar, og det er viktig at han legg vekt på å ta omsyn til naturverdiane under oppfisking. Metoden for oppfisking er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, under føresetnad at det vert teke naudsynt omsyn i hekketida for registrerte fugleartar.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til bruk av motorbåt på Lars-Olavatnet, Kringlavatnet og Holmavatnet i samband med oppfiskingsprosjektet.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Voss herad
Vestland fylkeskommune

Postboks 145	5701	VOSS
Postboks	5020	BERGEN
7900		

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell
SNO



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

Ragnar Alrek
Ryensveien 26
4658 Tveit

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/7845-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 08.06.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	6/2022
----------------	--------

Stølsheimen landskapsvernområde - landingsløyve - Vøvringen 75/3 - Vik

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Ragnar Alrek løyve til å nytta helikopter til
Ålrekstølen/Vøvringen i Stølsheimen landskapsvernområde for transport av materiale og
utstyr til vedlikehaldsarbeid på stølshus på stølen.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI
nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ei landing ein dag i perioden frå 25. juni til 4. juli 2022. Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Transporten skal samordnast med Bergen og Hordaland sin transport til turisthyttene i området.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transporten.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 01.08.2022.

Dokumenter i saken

- Søknad om landingsløyve på Ålrekstølen, *Ragnar Alrek*, 25.02.2022

Søknaden

Ragnar Alrek eig to stølshus på Ålrekstølen, gnr. 75, bnr 3.. Stølshusa var ferdig restaurert i 1989, og det er no bruk for noko vedlikehaldsarbeid. I sommar har Alrek planar om å få sett opp ny omn i sel nr. 7, og ny innerdør i sel nr. 2. Det vert søkt om ei landing for transport av



materiale og utstyr til stølen, og returtransport av ein gamal omn. Transporten skal gjennomførast i samband med Bergen og Hordaland Turlag sin transport til turisthyttene i området.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

Verneforskrift og verneformål

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til *«naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre»* jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Transporten til Vøvringen (Ålrekstølen) gjeld transport av utstyr og materiale til vedlikehaldsarbeid på stølshusa til Ragnar Alrek. Arbeidet som skal utførast gjeld vedlikehald, og vil ikkje endra fasaden på bygga. I følgje verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt V, nr. 6, er vanleg vedlikehald med tradisjonelle materialar ikkje søknadspliktig. På Vøvringen har grunneigarane tatt godt vare på dei oppmura stølshusa, og stølen står fram som eit unikt og heilskapleg stølsmiljø i landskapet.

Motorferdsel er forbode i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Det kan gjevast løyve til transport av utstyr i samband med bygging. Transporten er i tråd med det forvaltninga kan gje løyve til, og det er innarbeid forvaltningspraksis i slike saker. Saka er difor behandla som delegert sak.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og tidlegare erfaringar med helikoptertransport i verneområdet. Stølsvollen rundt Vøvringen er registrert som naturbeitemark, lokalt viktig naturtype. Av sårbare artar er rødstilk registrert ved Vøvringen (Naturbase 08.06.2022). Vøvringen ligg innanfor Fjellheimen villreinområdet, men det er lenge sidan det er registrert villrein i dette området. Ei landing med helikopter på selbøen på Vøvringen vil lite truleg påverka sårbare artar og natur. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for og vurderer saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga eit tiltak vil få på verneverdiane jf. nml. § 10. Stølsheimen er eit mykje nytta friluftsområde. Juli, august og september er den tida det er



flest folk som går på tur i området. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Transport av utstyr til stølshus er tiltak det kan gjevast løyve til. For at kulturlandskapet med stølshus og selbøar skal takast vare på, er det positivt at stølshusa vert brukte. Transporten er samordna med Bergen og Hordaland Turlag sin transport til turlagshytta i Solrenningane. Turlaget har transport av utstyr og proviant frå Stølsvatnet til Solrenningane i juni eller starten av juli kvart år. Det er svært positivt at rettshavarane samordna transporten til stølen. Det reduserer den samla verknaden av motorferdsel i området. Med det nivået det er på motorisert ferdsel i dette området, vurderer forvaltar at transporten vil ha liten verknad på den samla belastninga på verneverdiane og økosystemet.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Det er ikkje alternative transportmåtar av transport av tungt utstyr frå Ålrek til Alrekstølen utanom helikopter. Helikoptertransporten er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føregår.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til ei landing med helikopter for transport av materiale og utstyr til Vøvringen.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland
SNO
Vik kommune

Postboks 134

6891

VIK I SOGN



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

NILS KVAMME
Kråvegen 29
6893 VIK I SOGN

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2020/2589-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 07.07.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	
----------------	--

Delegert vedtak - dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - motorisert ferdsel i samband med restaureringsarbeid i kulturlandskapet

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Nils Kvamme løyve til å nytta gravemaskin i Finnabotnen i samband med reparasjon av brufundamenta til brua over Botnaelvi, og til opprydding av bål plass ved sjøen.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i peridoen frå 15. juli til og med 30. november 2022.
- Det kan nyttast ei gravemaskin på inntil 2 tonn.
- Gravemaskinførar er ansvarleg for at det ikkje er lekkasje av olje eller drivstoff ved arbeid i og ved vassdraget.
- Ved bruk av gravemaskin skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Bruk av gravemaskina skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for reparasjon av brufundament og opprydding av bål plass. Gravemaskina skal fraktast ut av området straks tiltaket er gjennomført.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal ha melding seinast dagen før arbeidet startar.
- Det skal sendast skriftleg rapport om bruk av gravemaskin til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.12.2022.

Dokumenter i saken


- Avtale om istandsetting av brua over Botnaelvi i Finnabotnen, Stølsheimen landskapsvernområde, Stølsheimen verneområdestyre 08.07.2022

Søknaden

I Finnabotnen har det vore ei bru over Botnaelvi. Brua knyter saman innmarka på begge sider av brua, og brua er viktig for å kunne gå stien mellom Finnabotnen og Finnen, og for å kome til stien til fjellstølen Fagerdalen. Fundamenta til brua har fått skade ved at nokre av steinane i fundamentet er lause. Bru-fundamenta er mogleg å reparera. Til dette arbeidet trengs det ei gravemaskin som kan flytte steinane på plass att. Brua skal byggjast av 4 lange stokkar over elva, og med plank på tvers over stokkane til å gå på. I tillegg skal det vera rekkverk på brua. Måla på brua er ca. 1,8 til 2 meter høgde på brufundamenta, og 8 – 10 meter lengde på bruspennet.

Det er planlagt å frakte ei gravemaskin med båt til Finnabotnen. Gravemaskina skal køyrast frå kaia og opp til brua, der den må kryssa elva for å koma til brufundamentet.

Når det er gravemaskin på plassen, ynskjer forvaltninga at gravemaskina skal nyttast til å rydde opp etter ein bål plass som har vore nytta i strandsona ved sjøen vest for kaia i Finnabotnen. Gravemaskina skal køyrast i nedkant av innmarka til bål plassen. Oppryddinga skal gjerast ved å flytte steinmassar tilbake i hola som er brukt til brenning av materiale.



Figur 1 Kart med markering av bru og bål plass. Kopi frå Fylkesatlas

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017



Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III: *«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske»*. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til *«naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre»* jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Bruk av motorisert køyretøy er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld bruk av gravemaskin for reparasjon av brufundamentet til brua over Botnaelvi, og til opprydding av tidlegare bål plass. Verneforskrifta opnar for bruk av motorisert køyretøy når særlege grunnar ligg føre. Istandsetting av ei viktig bru i kulturlandskapet, og opprydding i standsona, vil vera positivt for verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernområde. Tiltaket er vurdert å vera i tråd med det forvaltninga kan gjennomføra som skjøtselstiltak. Grunneigarane i Finnabotnen er positive til tiltaket. Forvaltar vurderer tiltaket som ei kurrant sak som kan behandlast som delegert vedtak.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan, skjøtelsesplan for Finnabotnen, og NiN-kartlegging av området (NiN Basiskartlegging 2021). Forvaltninga skal vurdere om det er nok kunnskap om naturmangfaldet for å vurdere saka, jf. nml. § 8. Det er ikkje registret trua naturtypar eller artar i direkte tilknytning til Botnaelvi, og som vil verta påverka av motorferdselen. Innmarka i Finnabotnen er registret som semi-naturleg eng, ein sårbar naturtype (Naturbase 08.07.2022). Bruk av motorisert køyretøy skal vera i utkanten av innmarka, og vil i liten grad føra til skade på innmarka. Kunnskapen er vurdert som god i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastinga av tiltaket på økosystemet jf. nml § 10. Reparasjon av brua i Finnabotnen vil vera eit godt tiltak for å ta vare på den gamle ferdsels- og landbruksvegen. Under kartlegging av naturtypar i Finnabotnen i 2021, vart det kartlagt verdifulle naturtypar med styva almetre på austsida av elva. Brua vil vera viktig for tilkomst til dette området dersom det skal setjast i gang med skjøtsel av kulturlandskapet på denne sida av elva. Tiltaket er vurdert som positivt for kulturlandskapet og verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernområde. Bruk av gravemaskin for å gjennomføra tiltaket vil vera avgrensa til nokre dagar, og vil gje liten verknad på landskapet. Maskina skal fraktast ut att av området straks arbeidet er utført.

Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Arbeidet må leggjast til eit tidsrom med lite vassføring i elva, og når det er fleire dagar med lite nedbør, slik at det vert minst mogleg spor i terrenget og på



innmarka når maskina vert køyrt til brua og bålplasen. Forvaltar vurderer den samla belastninga desse tiltaka vil ha på området og økosystemet som liten jf. nml § 10.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Brufundamenta er murt opp av stein, og skal setjast i stand att ved å mura opp att steinmurane. Botnaelvi kan ha stor vassføring i deler av året, og bru-fundamentet må ha god forankring. Gravemasin er vurdert som naudsynt for å få på plass store nok steinar slik at brusteinane ikkje vert flytta på ved stor vassføring i elva. Gravemaskina som skal brukast er ei mindre maskin på 1–2 tonn. Gravemaskinføraren har arbeid i verna natur tidlegare, og kan vise til godt resultatet med god natur- og landskapstilpassng ved bruk av gravemaskin. Bruk av gravemaskin til arbeidet i desse tiltaka er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12. Gravemaskinførar må gjennomføra arbeidet på ein slik måte at det ikkje er fare for lekasje av olje eller drivstoff i vassdraget.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til bruk av gravemaskin for istandsetting av brufundament, og til opprydding av bål plass.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vik kommune
Einar Johan Engvik
SNO

Postboks 134

6891

VIK I SOGN

Alexandre Munster-Dahl
Statsforvaltaren i Vestland

Møllergata 38 A

0179

OSLO